


# Tommelartrose

Tommelartrose skuldast slitasje av brusken på leddflatene over lengre tid, hos yngre ofte etter tidlegare skade eller brot. Om lag 10 % av personar over 30 år har tommelartrose, men ikkje alle har symptom. Smerte og redusert bevegelse i leddet blir ofte gradvis verre. Mange oppnår gode resultat med enkle tiltak som smertelindrande medisinar og avlasting med skinne. Operativ behandling kan vurderast ved lang tids utvikling av tilstanden; enten rekonstruksjon av leddfunksjonen, avstiving av leddet eller innsetting av kunstig ledd (protese). Sjølv om det ikkje er fagleg semje om beste metode, oppnår pasientane ofte god smertelindring og god funksjon etter operasjon.


## Bakgrunn

Tommelartrose er definert ved hovud- eller bidiagnose M18 (ICD-10). Operativ behandling er definert ved diagnostisert tommelartrose og samtidig ein eller fleire av prosedyrekodane NDB01, NDB02, NDB03, NDB11, NDB12, NDB13, NDB20, NDB30, NDB40, NDB50, NDB80, NDB81, NDB82, NDB99, NDG02, NDG12, NDG22, NDG32, NDG42, NDG52, NDG92, NDK11 eller enkelte kodar frå kategoriblokkene NDE, NDF, NDK eller NDL (NCSP). Pasientar som er 18 år eller eldre er inkludert, med unntak i figuren som viser kjønns- og aldersfordeling for opererte (alle aldrar).

Det er årleg i gjennomsnitt omtrent 800 pasientar med tommelartrose som blir operert i Noreg. Det utgjer i ein tredjedel av pasientane som er i kontakt med spesialisthelsetenesta på grunn av tommelartrose.



Samla tal operasjonar for tommelartrose, for heile landet i perioden 2012-2016. Pasientane er fordelt på kjønn og i aldersgrupper.




Operasjonsrate: Tal operasjonar for tommelartrose per 100 000 innbyggjarar (18 år og eldre), fordelt på buområde. Ratane er justert for kjønn og alder. Søylen viser gjennomsnittsverdien per år for perioden 2012-2016 og er inndelt etter operert ved helseføretak eller avtalesykehus som ligg i buområdet til pasienten, utanfor buområdet til pasienten eller operert ved anbodssykehus eller hos avtalespesialist (uansett plassering).

## Resultat

Det er tre gonger så vanleg å bli operert for tommelartrose i buområde Fonna som i buområde OUS. Med få operasjonar kan ein stor del av variasjonen likevel vere tilfeldig. Tal operasjonar per innbyggjar ser ut til å auke i enkelte buområde. Prosentdel opererte er høgast i buområde Stavanger (42 %) og lågast i buområde OUS (16 %).

Dei fleste (93 %) blir opererte på offentleg sjukehus. I enkelte buområde er det ein forholdsvis stor del av pasientane som blir opererte på offentleg sjukehus i eit anna buområde (opp til 75 %), eller ved offentleg finansierte private tenestetilbydarar (opp til 41 %).

Det er stor variasjon i bruk av operasjonsteknikk mellom buområda. I løpet av perioden blir ekskisionsartroplastikk den mest brukte. Interposisjonsartroplastikk er i slutten av perioden den nest vanlegaste.



Operasjonsrate: Tal operasjonar for tommelartrose per 100 000 innbyggjarar (18 år og eldre), fordelt på buområde. Søylen viser gjennomsnittsverdien per år for perioden 2012-2016 med 95 % og 99,8 % konfidensintervall. Loddrett strek viser gjennomsnittsverdien for landet. Ratane er justert for kjønn og alder.

## Kommentar

Vi har vurdert at den systematiske variasjonen i operativ behandling av tommelartrose er moderat til stor. Siden det er ikkje kjent at førekosten av tommelartrose varierer tilsvarende mellom ulike deler av landet har vi vurdert variasjonen i operasjonsrate også er uønska.